

## Ope brev

### Vi treng fullverdige studietilbod i kunst, design og arkitektur i Førde og på Voss!

Fylkeskommunen kjem med framlegg om å leggje ned og redusere fleire vidaregåande utdanningstilbod i Vestland.

Bildende kunstneres forening Hordaland (BKFH), Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (BKSF) og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge (NKVN) seier NEI til «omforming» og nedlegging av studietilboda for kunst, design og arkitektur (KDA) ved Hafstad vidaregåande skule i Førde og ved Voss gymnas, på Voss.

Kunsten har ein eigenverdi. Kunst skal ikkje oppfylle eit mål eller tene ei spesiell sak. Men kunst kan røre ved tankar og kjensler, skake på inngrødde førestillingar, bevisstgjere og endre menneske. Det finnast ikkje ein fasit i visuell kunst. Er det noko vi treng i samfunnet vårt i dag så er det nye måtar å sjå, gjere og tenkje på.

KDA er ei 3-årig vidaregåande utdanning som gjev generell studiekompetanse, slik at elevane kan søkje opptak til dei fleste studiar og høgskuler. Når regjeringa har arbeid med fagfornying har det vore eit ønskje å styrke dei praktiske og estetiske faga og sørge for at innovasjon og entreprenørskap vektleggjast i dei nye læreplanane. I ny læreplan for KDA står blant anna desse kompetanseområda sentralt: *kritisk tenking, problemløsing, kreative og systematiske arbeidsmåtar, analytisk evne, etisk bevisstheit og arbeid med innovative og berekraftige løysningar* (Udir, 2020). Dette er i tråd med anbefalingane i NOU 2019:25 og regjeringa sine ønskje.

I tillegg til dei opplagte studievala som kunst- og designfag, industridesign og arkitektur vil elevane estetiske og innovative kunnskap kunne nyttast i eit spekter av andre fagområde og utdanningar. Her kan nemnast ingeniør, landskapsarkitekt, interiørarkitekt, læraryrket, barnehagetilsette, helsefagyrker, forskrarar, yrke som planlegg infrastruktur og mange fleire. Å tenkje «utanfor boksen» er eit pluss og ei føresetnad i dei visuelle estetiske faga.

Hafstad vidaregåande skule i Førde har dei siste åra hatt det einaste offentlege studietilbodet i tidlegare Sogn og Fjordane i kunst, design og arkitektur (KDA), og Voss gymnas har vore einaste linje for dette studietilbodet i indre del av tidlegare Hordaland.

Tenkjer ein i Vestland fylkeskommune at 15-16-åringar frå indre distrikt og distrikt nord for Sognefjorden, som ønskjer denne fullverdige utdanninga, skal flytte til Eikelandsosen i Bjørnarfjorden kommune for å gå på Fusafjord vidaregåande skule, eller til Bergen for å kunne gå på Olsvikåsen vidaregåande skule eller Årstad vidaregåande skule? Vi forstår at mange studentar (over 18 år) må flytte til meir sentrale strøk for å få den utdanninga dei treng. Men at 15-16-åringar skal måtte flytte så langt frå foreldre og heim for å få ei vidaregåande utdanning som passar evnene og interessene deira vil vere tragisk! Om denne nedlegginga vil gjennomførast vil det vere eit ran av moglegheiter frå dei unge i distrikta nord og øst i Vestland fylke. I realitetten vil dei ikkje få sjans til å ta denne utdanninga.

Dette samsvarer ikkje med det som står i Vestland fylkeskommunes nye strategiplanen for vidaregåande opplæring: *Retten til opplæring skal ikkje berre vere ein rett til eit opplæringstilbod, men også til eit innhald som kvalifiserer elevane og lærlingane til ei deltagning i samfunnet, arbeidslivet og i høgare utdanning. Fylkesrådmannen meiner at ei likeverdig opplæring må vere ei opplæring som gir ungdom og vaksne like*

*moglegheiter til opplæring, uavhengig av evne og føresetnadar, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk tilhøyrslsle, buplass, familien si utdanning eller heimen sin økonomi.*

Sogn og Fjordane og indre Hordaland har hatt ein lang tradisjon og historie innan kunst, handverk og design. Men BKFH, BKSF og NKVN erfarer at det blir stadig vanskelegare å bu og arbeide som profesjonelle visuelle kunstnarar i distrikta i Vestland, spesielt nord for Sognefjorden. Dei visuelle kunstnarane som bur der nå gjer det ofte berre på grunn av familietilknyting og oppvekst i området. Kven skal flytte tilbake som profesjonelle visuelle kunstnar til distrikta i Vestland, når dei unge ikkje ein gong får høve til å ta vidaregåande utdanning i desse faga i rimeleg nærleik til heimplassen?

Dersom vi ønsker å ha eit mangfold i kulturlivet, av profesjonelle aktørar, og ha gode fagmiljø innan skapande kunst, arkitektur, design, og andre kunstfaglege miljø i heile Vestland, så må det leggjast til rette for dette.

Det ligg eit ansvar hjå fylkeskommunen å leggje til rette for rekruttering til ein framtidig kunst- og kulturscene i heile fylket. Dette gjeld òg ansvar for å gjere studietilbodet kunst, design og arkitektur kjend, og vise sokjarane kva moglegheiter dette studietilbodet kan gje. Samfunnet treng kunstnarar med lokal forankring! Desse faga treng heller å bli styrka enn å bli redusert. Menneske har alltid hatt behov for kunst og kultur.

Innsparinga i kroner ved ei nedlegging av studietilbodet kunst, design og arkitektur ved Hafstad vidaregåande i Førde, og på Voss gymnas, ville bli eit for stort tap for den enkelte elev som treng tilbodet, og sett i ein større samanheng – for lokalsamfunn og region.

Stad, Bergen og Breim, 20. november 2020

Karina Siegmund, regionleiar i Norske kunsthåndverkere Vest-Norge (NKVN)  
Agnes Nedregård, styreleiar i Bildende kunstneres forening Hordaland (BKFH)  
Aud Marit Skarrebo Holmen, styreleiar i Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (BKSF)